



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/116-2

## **Søknad om refusjon for utbyggingskostnader i samband med omlegging av fylkesveg 725 gjennom Utvik sentrum**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Søknad om refusjon av utbyggingskostnader i samband med omlegging av fylkesveg 725 gjennom Utvik sentrum vert ikkje støtta.

#### Vedlegg:

Søknad frå Stryn kommune datert 23.12.2016.

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Ombygging av fv. 725 gjennom Utvik sentrum er blitt gjennomført i kommunal regi og i mange utbyggingstrinn. Bygging av første del av vegen vart starta opp i 2004 for å få vegtilkomst til kommunalt bustadfelt med 6 sentrumsnære bustadtomtar. Vegen vart vidareført fram til «postvegen» i 2008, og siste del av vegen fram til bruva vart ferdigstilt i 2011. I same utbygginga er det også gjennomført arbeid i samband med miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum, med fullføring av «torgarealet og tunområdet» langs den «gamle» fylkesvegen mot Moldreim.

Stryn kommunestyre behandla sluttrapport for tiltaket i møte 15.12.2016. Tiltaket med omlegging av fv. 725 gjennom Utvik sentrum vart vedteke med ei auka låneramme på 663 615 kroner for å dekkje uinndekka kostnad med prosjektet.

Kommunestyret vedtok vidare å sende søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune der kommunen ber om ein refusjon på 663 615 kroner av direkte kostnader med omlegging av fv. 725 gjennom Utvik sentrum.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav Stryn kommune eit tilskott på 400 000 kroner til prosjektet med omlegging av fylkesvegen i 2007.

I 2009 fekk Stryn kommune tilsegn om tettstadsmidlar på 200 000 kroner til miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum, med fullføring av «torgarealet og tunområdet» langs den «gamle» fylkesvegen mot Moldereim. Dette tilskotet vart utbetalt til kommunen i 2011.

Stryn kommune søkte vidare i brev av 24.06.2010 Sogn og Fjordane fylkeskommune primært om tilskot til fullføring av prosjektet med omlegging av fylkesvegen, sekundært om forskotering.

I vårt svar til kommunen 11.10.2010 blei det synt til at kommunen skulle få svar på søknaden etter at ei prinsipiell sak om forskotering av tiltak på fylkesvegnettet var handsama. I svarbrev av 24.01.2011 vart det synt til vedtekne retningslinjer for forskotering på fylkesveg, og konkludert med at søknaden om forskotering vert avslagen, då tiltaket ikkje er prioritert i vedteke handlingsprogram.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **Økonomi- og budsjettkonsekvensar**

I følgje søknaden har Stryn kommune hatt kostnader på 880 796 kroner som er direkte knytt til omlegging av fylkesvegen. Ved oppstart av tiltaket hadde kommunen ei forventning om at tiltaket kom snarleg i posisjon for fylkeskommunal løyving. Då fylkestinget ikkje prioriterte dette valde kommunen å fullføre tiltaket med omlegging av vegen.

Fylkesdirektøren syner til at prosjektet ikkje tidlegare har nådd fram i prioritering av fylkeskommunale investeringsmidlar, og at dei har tidlegare fått avslag på søknad om å få forskotere tiltaket. Fylkesdirektøren syner vidare til at det ikkje er udisponerte midlar på samferdslebusjettet i 2017 til å kunne gje tilskot til kommunen.

## **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår ikkje at Stryn kommune får refundert sine kostnader med omlegging av fv. 725 gjennom Utvik sentrum.